

PROTOKOLL FRÅ STYREMØTE I SJUKEHUSAPOTEKA VEST HF

STAD: Videomøte 998290
MØTETIDSPUNKT: 09.12.2021, kl. 15.30 – 17.30

Styremøte var ope for publikum og presse

DELTAKARAR FRÅ STYRET

Trude Marit Risnes	Styreleiar
Olav Godtfred Klausen	Nestleiar
Eivind Hansen	Medlem
Helle Kristine Schøyen	Medlem
Arve Varden	Medlem
Bente Aae	Medlem
Ragnhild Winum	Medlem
Siri Bergsholm Bjørhovde	Medlem
Marianne Heggø Hansen	Varamedlem

FORFALL FRÅ STYRET

Hilde Fossmark Helvig	Medlem
-----------------------	--------

DELTAKARAR FRÅ FØRETAKET

Jon Bolstad	Administrerende direktør
Ola Rye	Økonomidirektør
Berit Beate Berntsen	HR- og org. direktør
Christer Bakke Frantzen	Fagdirektør
Bernt Flekke	Kommunikasjon- og marknadsdirektør
Grethe Bjørndal	Kontorsjef (referent)

OPEN DEL**Sak 25/21 Godkjenning av innkalling og dagsorden****Oppsummering**

Deltakrarar deltok på videosamband på oppsett videomøte.

Vedtak (samrøystes)

Styret godkjenner innkalling og dagsorden.

**Sak 26/21 Godkjenning av protokoll frå styremøte i Sjukehusapoteka Vest HF
30.09.2021****Vedtak (samrøystes)**

Styret godkjenner protokollen frå styremøte 30.09.2021

Sak 27/21 Administrerande direktør si orientering**Oppsummering**

1. Oppstart produksjon av salve og krem ved Sjukehusapoteket i Bergen
2. EIK/RBD – Nasjonal aktivitet
3. Opning av Sjukehusapoteket Haraldsplass

Adm.direktør orienterte og svarte på spørsmål.

Vedtak (samrøystes)

Styret tek informasjonen til vitande.

Sak 28/21 Årleg melding 2021 Sjukehusapoteka Vest HF**Oppsummering**

Årleg melding 2021 er Sjukehusapoteka Vest HF sin rapport på oppfølging av dei mål og eigarkrav som framgår av «Styringsdokumentet 2021» frå Helse Vest.

Vedtak (samrøystes)

Styret vedtek Årleg melding 2021 som Sjukehusapoteka Vest HF sin rapport til Helse Vest på oppdragsdokument 2021, og gir administrerande direktør fullmakt til å implementera i rapporten innspel som kom fram i styremøte og eventuelle oppdateringar som kan kome til etter styrebehandlinga.

Sak 29/21 Strategiplan for Sjukehusapoteka Vest HF – status og framlegg om rullering**Oppsummering**

Administrasjonen legg opp til gjennomgang og revidering av SAVs strategiplan Q1-Q2 2022. Behov for revisjon av plan er løyst ut av endringar i kontekst, samt av tidsaspektet (tre år sidan oppstart av planperioden).

Vedtak (samrøystes)

Styret tek status for arbeid med SAV strategiplan 2018-23 og framlegg om rullering til vitande.

Sak 30/21 Informasjonssikkerheit – regional handlingsplan og styringsstruktur**Oppsummering**

Administrasjonen har i denne saken, i samarbeid med direktør for e-helse i Helse Vest RHF, lagt fram for styret til avgjerd, styresaker som er handsama av styret for Helse Vest RHF i møte 30.09.2021: *Regional handlingsplan for informasjonstryggleik og Styringsstruktur for informasjonstryggleik.*

Vedtak (samrøystes)

- 1. Styret godkjenner Regional handlingsplan for informasjonssikkerheit i Helse Vest i tråd med det vedtaket og dei føringane som er gitt av Helse Vest RHF.*
- 2. Styret gir tilslutnad til overordna styringsstruktur for informasjonssikkerheit i Helse Vest, slik det går fram av vedtak gjort av styret i Helse Vest RHF i sak 085/21 i møtet 30.09.2021.*

Sak 31/21 Status for arbeid med Topp 5-risiko i Sjukehusapoteka Vest HF**Oppsummering**

Arbeidet med topp 5-risiko i Sjukehusapoteka Vest (SAV) må sjåast i samanheng med fleire prosessar i føretaket. SAV har definert ein intern struktur for oppfølging og risiko-eigarskap, og bidreg i og støttar opp med ressursar i regionalt arbeid, samt deltek i lokale arbeidsgrupper i sjukehusføretaka.

Vedtak (samrøystes)

Styret tek status for arbeidet med Topp 5-risiko til vitande.

Sak 37/21 Eventuelt

Ingen saker vart teken opp under Eventuelt.

Skriv og meldingar

- Brev m/vedlegg av 12.08.2021 til Helse Vest om høring – forslag til endringer i pasientjournalloven og forskrift om IKT-standarder i helse- og omsorgstjenesten
- Brev av 23.09.2021 frå Helse Vest om innspel til revidering av plan for internrevisjon i Helse Vest (2022-2023)
 - Brev til Helse Vest frå Sjukehusapoteka Vest HF av 05.11.2021
- Brev av 19.10.2021 frå Helse Vest om Brukarmedverknad
- Brev av 31.10.2021 frå Helse Vest om forespørsel til innspill til forprosjektrapport – etablering av kategoriprogram
 - Brev til Helse Vest frå Sjukehusapoteka Vest i brev av 12.11.21
- Brev av 05.11.2021 frå Helse Vest til Statens legemiddelverk om høring – endring av trinnprismodellen
- LUKKA DEL B-180 Nasjonalt legemiddelberedskapslager – sluttrapport

Styreleiar viser til brev av 19.10.2021 frå Helse Vest om Brukarmedverknad, og ber om at administrasjonen legg fram for styret eiga sak der det blir gjort reie for korleis Sjukhusapoteka Vest kan få på plass eit eige brukarutval i tråd med oppmoding frå eigar.

LUKKA DEL

Møte blei lukka etter jf. Offentleglova §23.1 og Helseføretakslova §26a (2) nr. 4

Sak 32/21 Oppfølging etter hending med overdosering juni 2020 - tiltak Oppsummering

Produksjonsavdelinga ved Sjukehusapoteket i Bergen (SiB) var i juni 2020 del av hending med overdosering av medisin til ein kreftpasient, og som leia til dødsfall. Hendinga er i ettertid følgt opp gjennom interne og eksterne undersøkingar, samt av politiet. Tiltak for å redusere risiko etter hendinga er no gjennomførte, og der dei mest sentrale er knytt til ansvarstilhøve i arbeidsprosess og opplæring av medarbeidarar.

Styret understreker at det er særleg viktig å sikra at alle nivå i organisasjonen har same oppfatting og forståing av risikobiletet når det gjeld denne hendinga, og generelt.

Vedtak (samrøystes)

Styret tek saka til vitande.

Sak 33/21 Verksemdsrapport per oktober 2021 Oppsummering

Rapporten er lagt fram for styret.

Vedtak (samrøystes)

Styret tek rapport frå verksemda per oktober 2021 til vitande.

Sak 34/21 Budsjett 2022 for Sjukehusapoteka Vest HF**Oppsummering**

Det er nytta same modell for budsjett og budsjettprosess 2022 som tidlegare år. Budsjett tek omsyn til volum og prisutvikling siste året samt dialog med sjukehusa om utvikling i tenestene.

Budsjettert resultat for 2022 er 8 mill. og i samsvar med resultatkrav frå eigar. Budsjettert pris- og lønsvekst er og i samsvar med føringar frå eigar. Med bakgrunn i Covid19 pandemien som har vore i 2021, er budsjettet lagt opp med ein moderat vekst i vare og tenestesalet i 2022. Underliggende planar for nasjonale og regionale utvikingsprosjekt ligg elles til grunn for ressursar til prosjekt og investeringar.

Vedtak (samrøystes)

Styret sluttar seg til Budsjett 2022 for Sjukehusapoteka Vest HF slik det ligg føre.

Sak 35/21 Styret si eigenevaluering, evaluering av AD og mål for AD 2022**Oppsummering**

Der er eit krav i protokoll frå føretaksmøte at styret i Sjukehusapoteka Vest HF evaluerer eiga verksemd årleg. Oppsummeringa av evalueringa skal vidareformidlast til eigar.

Vedtak (samrøystes)

- 1. Styret si eigenevaluering og evaluering av administrerande direktør er gjennomført i Sjukehusapoteka Vest HF i november 2021 som elektronisk spørjeundersøking etter mal frå Helse Vest RHF.*
- 2. Styringsmål for AD i 2022 vert følgt opp av styreleiar.*

Sak 36/21 Lønnsregulering AD 2021**Oppsummering**

Ein viser til styresak 41/20 der styret godkjende styringsmål for AD 2021.

Vedtak (samrøystes)

Styret vedtek lønnsregulering for AD på 2,82% gjeldande frå 01.01.2021.

Styret sitt kvarter